

**Referat frå styremøte nr. 7-2020**

**Dato:** 11.05.20

**Tid:** Kl. 13.30-15.00

**Stad:** Teams-møte

**Til stades frå styret i SR:**

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordførar i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (varaordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune) *Til kl. 14.30.*

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordførar i Fjord kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (kommunalsjef i Ålesund kommune) *Frå kl. 14.00*

*Forfall:*

Styremedlem Andreas Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune))

**Frå administrasjonen i SR:**

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

**Referent:**

Vegard Austnes

**Sak 29/2020: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjend.

**Sak 30/2020: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 6-2020 (30.04.20)**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå førre styremøte vart godkjend.

**Sak 31/2020: Framtidig organisering av regionrådet**

Innleiing ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar presenterte forslaget frå administrasjonen om vegen vidare i saka. Forslaget var sendt til styret før møtet.

Styret hadde nokre merknadar til forslaget. Desse merknadane vart innarbeidd i dokumentet. Det vart m.a. kommentert at faktoren som var kategorisert som ein trussel i SWOT-opstillinga ikkje er ein ytre faktor, men ein indre faktor som SR sjølv påverkar. Faktoren var om SR skal drive med tenestesamarbeid.

Vidare vart det sagt at SR ikkje evnar å vere samlande, slik at ein får fragmentering på Sunnmøre. Dei store sakene forsvinn over i andre forum. Trusselen er at kommunane ikkje står samla om felles oppgåver. SR må vere relevant for alle kommunane på alle samarbeidsområde, t.d. helse, samferdsel og næringsliv.

Det vart drøfta om Ålesund kommune vert oppfatta som ei moglegheit (eit lokomotiv) eller som ein trussel blant dei andre kommunane på Sunnmøre. I drøftinga kom det fram at korleis ein ser på Ålesund kjem an på kvar ein bur på Sunnmøre. Ålesund kan vere ein trussel i høve til offentlege arbeidsplassar, men sunnmørsregionen er samstundes avhengig av Ålesund.

I somme høve er det t.d. kun Ålesund av sunnmørskommunane som kan nå opp i konkurransen om nasjonale midlar. Ålesund er då avhengig av støtte frå sunnmørskommunane. Det vart sagt at utfordringa er at Ålesund som lokomotiv i regionen ikkje alltid er godt nok kopla med dei andre kommunane.

Når det gjaldt organisasjonsform for SR i framtida, var styret delt i synet på om ein burde innstille på å halde fram som interkommunalt selskap (IKS) eller om ein burde omdanne SR til interkommunalt politisk råd.

Mellom fordelane med IKS-modellen vart det trekt fram at den opnar for å produsere tenester, og at det ikkje er ønskjeleg å stengje for det på noverande tidspunkt. Det vart peika på at KS Advokatane si vurdering var at SR ikkje er rettsleg forplikta til omdanning til interkommunalt politisk råd.

Delar av styret meinte at SR må halde på forma som interkommunalt selskap, men arbeide med å reindyrke ein profil som politisk samarbeidsorgan og finne ein annan måte å organisere arbeidet med t.d. regional samordning innan kompetanseutvikling for skule og barnehage på nordre Sunnmøre.

Det vart peika på at ein ikkje treng å drive tenestesamarbeid gjennom regionråd, og at det ikkje berre er tenestesamarbeid som ligg til regionrådet det er aktuelt å diskutere politisk i regionrådet.

For å finne rett framtidig organisasjonsform for SR, var det forslag om å arbeide med kva som skal vere SR sine framtidige oppgåver (jf. her selskapsavtalen [§ 3 Selskapet sitt formål.](#))

Når det gjaldt vidare arbeid med saka, var styret delt. Nokre ville fremje ei innstilling til representantskapet om endring av organisasjonsform til interkommunalt politisk råd.

Andre ville behalde SR som interkommunalt selskap inntil vidare og fortsette prosessen med evaluering og vurdering av alternativ. Grunngevinga var m.a. at dersom ein gjekk fort fram med å endre på organisasjonsforma, kunne det føre til politisk oppsplitting på Sunnmøre. Dei ønskte å leige inn ekstern bistand til vidare prosess med mål om å halde Sunnmøre samla lengst mogleg.

Styresamansetting vart drøfta. Det kom forslag om å avtalefeste at dei ulike regionane på Sunnmøre (nordre, søre, indre og ytre) er kontinuerleg representert i styret. Det var forslag om at 3 av 7 styremedlemmar skulle vere frå Ålesund kommune. På grunn av eit skarpere skilje mellom politikk og administrasjon i ny kommunelov, meinte styret at styrerepresentasjonen skulle vere kun politisk. Det vart også peika på at ein måtte vurdere parti i tillegg til geografi for at styret skal vere representativt.

Styret samla seg om å kople inn ekstern bistand i saka. Dei ønskte både støtte i prosessane og eit breiare kunnskapsgrunnlag før dei legg fram innstilling i saka for representantskapet.

Styret var samd om å halde eit styremøte til før representantskapsmøtet 5. juni. Tema her vert framhald av drøftingane om vegen vidare når det gjeld organisering, inklusive samansetting av styre og representantskap.

### **Sak 32/2020: Årsmelding og rekneskap 2019**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Saka vart utsett til neste møte.